



Sakshandsamar: Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Telefon: 57 64 31 46
E-post: fmsfash@fylkesmannen.no

Vår dato
29.10.12

Vår referanse
2012/4224
Rapportnummer
2012.084.I.FMSF

Byrkjelo Miljø og containerservice
v/Jon Bjørn Fløtre
6826 Byrkjelo

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Byrkjelo miljø og containerservice	Organisasjonsnr.: 969410834
Stad og kommune: Byrkjelo, Gloppen kommune	Kontrolldato: 02.10.12
Postadresse: 6826 Byrkjelo	
Bransjenr. (NACE-kode):	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Jon Bjørn Fløtre	Frå miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen: Torunn G. Hønsi og Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav	<input checked="" type="checkbox"/> Forsøpling og ureining til omgjevnader <input checked="" type="checkbox"/> Fast dekke <input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering)
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Kontroll av drift i samsvar med løyvet av 25.06.2004	

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **5** avvik. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Fylkesmannen varslar med dette at verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 4 500,-** for kontrollen. Vedtak om tvangsmulkt vert gjort i eit seinare brev og innbetalingsblankett vert sendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) etter at klagefristen for vedtaket har gått ut. De har frist til **30.11.2012**, for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har sett i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten.

Med helsing

Torunn Hønsi
senioringeniør

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
overingeniør

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Byrkjelo miljø og containerservice, den 2.oktober 2012.**

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av leiing i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavingdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **20.11.12**. For avvik som ikkje kan rettast med ein gong, ber vi om ein tidfesta plan for lukking. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Farleg avfall og kjemikal

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege kjemikal som ikkje skal handterast saman med forbruksavfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske eller dyr. Farleg avfall på avvegar kan føre til at miljøgifter blir spreidde og hopar seg opp i naturen. Spreiinga kan skje gjennom forureina sigevatn frå deponi eller gjennom utslepp av forureina avgassar, slagg eller oske frå forbrenningsanlegg. Dersom vi heller farleg avfall i kloakken, kan det gjere at kloakkreinseanlegga ikkje fungerer som dei skal slik at meir forureining kjem ut i sjø og vassdrag.

Farleg avfall skal handterast i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall. Dette gjeld m.a. for batteri, spillolje, oljehaldig avløpsvatn, PCB-haldig avfall som kondensatorar og isolerglassvindu og liknande. **Kjemikal** skal brukast med varsemd og oversikt over kva stoff som er regulerte/ulovleg i bruk finn ein i *forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlege kjemikalier og andre produkter* (produktforskrifta). Ein har plikt til å vurdere bruken av ulike kjemikalier ut frå deira helse- og miljøfarlege eigenskapar i tråd med lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §3a.

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøoverket kan ein finne på www.lovdatab.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden

www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Varsel om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. krav i forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-6 om gebyr for kontroll i verksemder med utsleppsløyve. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Det vart informert om gebyr ved tilsynet.

Fylkesmannen varslar med dette at Byrkjelo miljø og containerservice skal betale eit gebyr på kr. 4 500,- (sats 4) for den gjennomførte kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom verksemnda meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka før fristen for attendemelding.

Dersom verksemnda innan oppgitt tidsfrist ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i verk sett, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova. Varselet er gitt med heimel i § 16 i forvaltningslova.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 **Verksemnda har hatt ulovleg mottak av ikkje-avvatna avløpsslam**

Avvik frå: *Ramme for løyvet, vilkår 1.2, 3.1 og 4.1 i løyvet av 25.06.2004.*

Kommentar:

På kontrolldagen vart det opplyst om at verksemnda har ved fleire høve teke imot flytande avfall/slam frå Gloppen kommune sitt reinseanlegg på Byrkjelo. Dette avfallet/slammet vert lagra på verksemnda sitt område. Område der dette avfallet/slammet blir handtert, har ikkje filtrerande eigenskapar for å halde tilbake/reinse avsig frå slammet. Ei slik handtering kan ha ført til ureining av grunnvatn og vassdrag. Verksemnda har ikkje oversikt over mengde motteke flytande avfall og har ikkje varsla Fylkesmannen om dette forholdet, jf. vilkår 3.1. og 4.1. Ramme for løyvet gjeld berre for handtering av avvatna avløpsslam. Fylkesmannen ser alvorleg på at verksemnda har teke imot ikkje-avvatna avløpsslam og for ikkje å ha varsla Fylkesmannen om dette forholdet på eit tidlegare tidspunkt.

Avvik 2 Prøvetaking av kompostert avløpsslam

Avvik frå: Krav 2.3 i løyvet av 25.06.2004.

Kommentarar:

Verksemda har kun teke prøve av kompostert avløpsslam i 2002. Resultat viser kvalitetsklasse I. Det er ikkje analysert på organiske miljøgifter eller smittestoff. På anlegget vil det ligge kompostert slam i 1 år etter at aktiviteten er avvikla. Kompostert slam blir nytta på jordbruksareal.

Varsel om pålegg:

Fylkesmannen varslar at Byrkjelo miljø og containerservice må undersøke innhald av tungmetaller i tillegg til organiske miljøgifter og smittestoff i det komposterte avløpsslammet. Frist for prøvetaking vert sett til 01.12.12.

Vedtak om prøvetaking vil bli gjort med heimel i ureiningslova § 51. Det kan verte aktuelt å knytte varsel og vedtak om tvangsmulkt til gjennomføring/rapportering innan fristen som er sett.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet om pålegg innan 20.11.12

Avvik 3 Verksemda har ikkje sendt melding til Fylkesmannen om avvikling av aktivitet

Avvik frå: Krav 4.2 i løyvet av 25.06.2004.

Kommentarar:

På kontrolldagen opplyste verksemda om at mottak av avløpsslam frå Byrkjelo reinseanlegg skal avviklast i desember 2012. Fylkesmannen har ikkje fått melding om dette. Ved avvikling av anleggsaktivitet pliktar verksemda å rydde opp på området som vert nytta. Fylkesmannen ynskjer å få tilsendt ei melding om aktiviteten som skal avviklast og ein plan over for korleis overskot av kompostert avløpsslam og restar etter anlegget og drifta av dette skal fjernast og disponerast.

Avvik 4 Mengde motteke avløpsslam overstig rammekrav i løyvet

Avvik frå: Rammekrav i løyvet av 25.06.2004.

Kommentar: Mengde avløpsslam i 2011 var 1550 m³. Til nå i 2012 har verksemda motteke 1212 m³. Ramma i løyvet for mottak av avvatna avløpsslam er 1200 m³.

Verksemda har ikkje eigen oversikt over mengde avløpsslam som er motteke frå Byrkjelo reinseanlegg men viser til kommunen sine månadsrapportar som er lokalisert på kommunen sitt reinseanlegg. Verksemda skal utarbeide ein logg som viser ein oversikt over mengde motteke slam og denne må vere tilgjengeleg på verksemda sitt anlegg, jf. vilkår 3.1 i løyvet av 25.06.2004.

Avvik 5 Mottak av vomfyll

Avvik frå: Rammekrav i løyvet av 25.06.2004.

Kommentar:

Verksemda ynskjer å halde fram med mottak og behandling av vomfyll frå Nordfjord kjøtt. Vomfyll er kun innhald frå magesekk frå slakta dyr. Dette skal nyttast som tilslagsmateriale på jordbruksareal. Denne aktiviteten er ikkje omsøkt og vurdert av Fylkesmannen. Verksemda må søke fylkesmannen om løyve til slik aktivitet.

Kopi pr. e-post: Gloppen kommune